



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Høyringsinstansar ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/1109-

28. mars 2023

Høyring - Endringar i helsepersonelloven og helsetilsynsloven (Oppfølging av forslag frå Pasientovergrepsutvalget)

Helse- og omsorgsdepartementet sender med dette på høyring forslag til endringar i helsepersonelloven og helsetilsynsloven. Forslaga følgjer opp tilrådingar i ein rapport frå Pasientovergrepsutvalget. Forslaga inneber at Statens helsetilsyn kan ileggje strengare administrative reaksjonar overfor helsepersonell i dei alvorlegaste sakene. Dette er saker der helsepersonell utgjør ein alvorleg fare for pasienttryggleiken eller alvorleg svekkjer tilliten til helse- og omsorgstenesta. Det kan mellom anna vere tilfelle der helsepersonell har utført overgrep eller utvist annan grensekrenkande åtferd overfor pasientar. Lovforslaga er generelt utforma og omfattar også andre typar saker.

Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Departementet foreslår å innføre ei ny føresegn om *ei generell karantenetid på to år* i helsepersonelloven § 62 før det kan søkjast om ny autorisasjon, lisens eller spesialistgodkjenning. Karantenetida for ny søknad gjeld i tilfelle der helsepersonell har mista autorisasjon ved tilbaketrekking eller ved frivillig avkall under ei pågåande tilsynssak. Forslaget må sjåast i samanheng med at det vanlegvis tar tid før helsepersonell igjen kan sjåast på som skikka til å utøve yrket sitt. Ein del søker likevel om ny autorisasjon relativt kort tid etter at dei er fråtekne autorisasjonen, sjølv om søknaden verkar openbert grunnlaus. Helsetilsynet må i dag bruke ressursar på å behandle desse søknadane. Forslaget inneber at Helsetilsynet får klar heimel for å avvise nye søknadar som er sett fram før det er gått to år. Departementet foreslår at Helsetilsynet kan gjere *unntak frå kravet om karantenetid på to år* når særlege grunnar tilseier det, sidan dette kravet i enkelte tilfelle kan slå særleg uheldig ut.

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 406

Avdeling
Helserettsavdelinga

Saksbehandlar
Hege Louise
Østlyngen

Vidare foreslår departementet at Helsetilsynet får klar heimel i helsepersonelloven § 57 for å trekke tilbake autorisasjon, lisens eller spesialistgodkjenning for alltid (*varig tilbaketrekking*) i saker der helsepersonell for framtida er til alvorleg fare for pasienttryggleiken eller alvorleg svekkjer tilliten til helse- og omsorgstenesta. Eit slikt vedtak vil vere svært inngripande, samstundes som situasjonen kan endre seg over tid også i dei alvorlegaste sakene. Departementet foreslår derfor at det i desse tilfella blir opna for å kunne søkje om ny autorisasjon, lisens eller spesialistgodkjenning etter *ei karantenetid på ti år*. Forslaget sikrar at eit vedtak om tilbaketrekking av autorisasjon for alltid i dei alvorlegaste sakene, får ei varigheit på minst ti år. Departementet sitt forslag inneber dermed at det blir innført ein todelt modell, der det vil vere ei karantenetid på to år for dei aller fleste søknadane om ny autorisasjon, medan karantenetida for ny søknad i dei alvorlegaste sakene vil vere ti år.

Departementet foreslår i tillegg ei ny føresegn i helsepersonelloven § 57 a som inneber at Helsetilsynet kan ileggje *forbod mot å yte helsehjelp* for helsepersonell som ikkje lenger har autorisasjon eller lisens, men som likevel held fram med å praktisere yrket. Eit forbod føreset at dei utgjer ein alvorleg fare for pasienttryggleiken eller alvorleg svekkjer tilliten til helse- og omsorgstenesta. Manglande etterleving av forbodet blir foreslått sanksjonert med *tvangsmulkt* gjennom ei endring i helsetilsynsloven § 9. Departementet har avgrensa forslaget om forbod mot å yte helsehjelp til helsepersonell som har mista autorisasjonen. Forslaget omfattar ikkje helsepersonell som fell utanfor autorisasjonsordninga i helsepersonelloven. Uautorisert og ufaglært helsepersonell er i stor grad tilsett i verksemdar innan helse- og omsorgstenesta og arbeidsgivar er dermed nærast til å følgje opp tilsette med arbeidsrettslege verkemiddel, politimelding mv.

Lovforslaga i høyringsnotatet må sjåast i samanheng med andre tiltak for å styrkje pasienttryggleiken. Tilsynsmyndighetene har fått betre mogelegheit til å følgje opp uautorisert helsepersonell gjennom lovendringar sette i verk 1. juli 2022, der reaksjonen åtvaring blei erstatta med den nye reaksjonen fagleg pålegg. Fagleg pålegg kan gjere det meir sannsynleg at helsepersonell legg om praksis. I høyringsnotatet er det gitt ei omtale av Helsetilsynet sitt pågåande forbetningsarbeid når det gjeld endring av praksisen til tilsynsmyndighetene, i lys av Pasientovergrepsutvalget sin rapport og tilsynet sin internrapport. Mellom anna er innhaldet i temaet rollesamanblanding oppdatert i saksbehandlingsrettileiarar for tilsynet og statsforvaltarane. Det blir også opp lagt til at statsforvaltarane raskare skal vurdere melding til politiet og etablere eit samarbeid med politi og påtalemakta. Lovforslaga frå departementet må også sjåast i samanheng med Varselutvalget sin rapport som vil bli lagt fram i løpet av kort tid.

Høyringsfrist

Høyringsfristen er **28. juni 2023**. Vi ber om at høyringssvar blir levert digitalt på regjeringen.no under «Send inn høyringssvar». Her kan ein registrere seg, mellombels lagre eit høyringssvar og laste opp vedlegg. Høyringar er opne, og alle kan sende svar til oss. Det er også høve til å sende høyringssvar utan å registrere seg. Vi gjer merksam på at høyringssvar er offentlege etter offentleglova, og vil bli publisert saman med andre

høyringsssvar. Vi ber mottakarane av dette brevet vurdere om høyringsnotatet også bør sendast til underliggjande etatar eller verksemdar, medlemmar osv. som ikkje står på lista.

Med helsing

Atle Gøhtesen (e.f.)
avdelingsdirektør

Hege Louise Østlyngen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar